

Informasjon til skulane frå Fylkesmannen om spørjeskjema til elevane

Kva kontrollerer Fylkesmannen i tilsynet? Når vi (Fylkesmannen) utfører tilsyn, skal vi kontrollere om skulen følgjer reglane i opplæringslova med forskrift. Temaet for tilsynet med skulen er: «Skulens arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa». Spørjeundersøkinga til elevane vil særleg kontrollere skulens arbeid med læreplanane i fag (opplæringslova §§ 2-3/3-4, forskrifta §§ 1-1/1-3) og undervegsvurderinga (forskrifta kap. 3). Meir informasjon om tilsynstemaet finn de i rettleiinga: <https://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/tilsyn/felles-nasjonalt-tilsyn/skolens-arbeid-med-elevenes-utbytte-av-opplaringen/>

Kvifor spørjeundersøking?

Nokre av kontrollspørsmåla i dette tilsynet gjeld grunnlaget for opplæringa, kriteria for vurdering, rettleiing i undervegsvurdering og involvering i vurderinga. Det er viktig å kontrollere i kva grad elevane opplever at dei er blitt kjende med og har fått rettleiing i dette. Saman med annan informasjon vil svara danne grunnlag for å vurdere situasjonen på skulen.

Kvifor blir ikkje Elevundersøkinga brukt?

Mange av spørsmåla i denne spørjeundersøkinga ligg nært opp til spørsmål i Elevundersøkinga. Vi har derfor vurdert om vi kunne bruke Elevundersøkinga direkte, men har komme fram til at det kan bli vanskeleg å bruke denne i innhenting av informasjon for dette tilsynet. I tilsynet ser vi på enkeltfag, og Elevundersøkinga vil ikkje kunne støtte opp under dette. I tillegg er svaralternativa i Elevundersøkinga graderte slik at dei blir vanskelegare å bruke i tilsynssamanheng. Det er dessutan viktig at informasjonen som Fylkesmannen hentar inn, skildrar situasjonen på skulen når tilsynet går føre seg.

Informasjon til elevane Vi har laga ein kort informasjon til elevane om spørjeundersøkinga. De må gi elevane god nok tid til å lese denne før dei svarer på spørsmåla. Denne informasjonen til elevane gir ikkje nærmare rettleiing om å forstå spørsmåla.

Før elevane skal svare på spørsmåla, kan de vurdere om de vil ta en gjennomgang av spørsmåla. Føremålet er å hjelpe elevane til å forstå spørsmåla riktig. Alternativt kan de gi ein forklaring berre til elevar som lurar på spørsmål. De vurderer dette både ut frå årstrinn, tid til disposisjon og situasjonen i klassen. Under kvart spørsmål er det tips til eleven til å forstå innhaldet i spørsmålet.

NB! Elevane skal, når dei svarer, berre tenkje **på situasjonen i det faget** som er ført opp for den aktuelle klassen på spørjeskjemaet! Dette er det viktig å presisere for elevane!